



**Referat frå årsmøte  
Valldal Idrettslag  
24. mars 2022**

### **Sak 1: Godkjenne stemmerett til dei frammøtte**

For å ha stemmerett på årsmøte må ein

- vere fylle 15 år i kalenderåret
- vere medlem i idrettslaget minst ein månad

Ved opning av årsmøtet var 15 personar til stades. Alle vart vurdert å ha stemmerett.

Talet var tilstrekkeleg for at årsmøtet var vedtaksført, jfr lov for Valldal IL § 13 (5)

#### **Vedtak:**

Alle frammøtte godkjent med stemmerett, i alt 15 personar.

Vedtak var samrøystes

### **Sak 2 Godkjenne innkalling og sakliste**

Årsmøte har vore kunngjort på Valldal IL si nettside, Facebook og i Storfjordnytt seinast

1 månad før årsmøte. Sakliste vart kunngjort på Valldal IL si nettside ei veke før årsmøte.

Saksdokument vart lagt ut på Valldal IL si nettside tre dagar før årsmøte.

Innan fristen på to veker, var ei sak meldt inn til styret. Innmeldt sak ført opp på

sakliste, sak 10.

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste blir godkjent.

Vedtak var samrøystes

### **Sak 3 Konstituering**

- a. Val av ordstyrar – Einar Hoel blir vald som ordstyrar- einstemmig
- b. Val av sekretær – Monika Høydal Lingaas blir vald som sekretær - einstemmig
- c. Val av 2 personar til å skrive under møtebok – Knut Hjelme og Turid Engeseth Løvoll blir vald til å skrive under møteboka - einstemmig

### **Sak 4 Årsmelding**

Leiar gjekk gjennom Valldal IL si årsmelding

Gruppeleiarar gjekk gjennom gruppene sine årsmeldingar

Leiar i Valldal IL gjekk gjennom fotballgruppa si årsmelding

#### **Vedtak:**

Årsmelding 2021 for Valldal Idrettslag vert godkjent

Vedtak var samrøystes

### **Sak 5: Rekneskap 2021**

Kasserar gjekk gjennom rekneskap 2021 med resultatrekneskap, balanse, noter og spesifikasjon på gruppene

Leiar i kontrollutvalet gjekk gjennom årsmelding 2021 frå utvalet. Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for 2021 blir godkjent.

**Vedtak:**

Årsmøtet tek kontrollutvalet si årsmelding 2021 til vitande  
Rekneskap 2021 for Valldal Idrettslag vert godkjent  
Vedtak var samrøystes

**Sak 6: Arbeidsplan 2022**

Leiar gjekk gjennom forslag til Valldal IL sin arbeidsplan for 2022  
Gruppleiarar gjekk gjennom gruppene sine forslag til arbeidsplanar

**Vedtak:**

Arbeidsplan 2022 for Valldal Idrettslag vert vedteken  
Fotballgruppa skal legge fram arbeidsplan til styret innan 15.04 i samsvar med fastsett  
mal  
Vedtak var samrøystes

**Sak 7: Budsjett 2022**

Leiar og kasserar gjekk gjennom forslag budsjett 2022

**Vedtak:**

Budsjett 2022 for Valldal Idrettslag vert godkjent  
Vedtak var samrøystes

**Sak 8: Laget si organisering**

I samsvar med Lov For Valldal Idrettslag skal årsmøtet behandle laget si organisering.

Styret foreslår at friidrettsgruppa/trimgruppa vert samanslått til ei felles  
Friidrett/trimgruppe. Bakgrunnen er at aktivitet i gruppene er delvis samanfallande og  
det kan vere vanskeleg å rekruttere medlemmar til styre. Endringa vil også medføre  
reduksjon av styremedlemmar i Valldal IL frå ti til ni

**Vedtak:**

1. Friidrettsgruppa og trimgruppa vert slått saman til ei felles gruppe Friidrett-  
/trimgruppe med felles gruppestyre. Leiar i gruppa vert styremedlem i Valldal IL.
2. Det vert ikkje andre endringar i organisasjonsplan for 2022

Punkt 1 og 2 blir samrøystes vedteke

**Sak 9: Medlemskontingent**

I samsvar med Lov for Valldal Idrettslag skal årsmøtet kvart år fastsette  
medlemskontingent. Styret innstiller uendra medlemskontingent for 2023

Noverande kontingent

Medlem under 18 år	kr 200
Medlem 18-24 år	kr 200
Medlem 25 år og eldre	kr 400
Pensjonist	kr 300
Familie	kr 600

Årsmøte skal også fastsette eventuelle treningsavgifter eller gje styret/gruppestyret fullmakt å fastsette dette. Styret foreslår å gje fullmakt til gruppene å fastsette dette.

Styret foreslår å vidareføre vedtak frå 2021 om når eit medlem under 18 år vert meldt inn i Valldal idrettslag melder føresett(e) samtidig også inn seg sjølv. Slik må det vere for å understreke vårt felles ansvar.

#### **Vedtak:**

1. Medlemskontingent 2023

Medlem under 18 år	kr 200
Medlem 18-24 år	kr 200
Medlem 25 år og eldre	kr 400
Pensjonist	kr 300
Familie	kr 600
2. Når eit medlem under 18 år vert meldt inn i Valldal idrettslag melder føresett(e) samtidig også inn seg sjølv. Slik må det vere for å understreke vårt felles ansvar.
3. Den enkelte gruppe får fullmakt å fastsette eventuelle treningsavgifter

Vedtak var samrøystes

#### **Sak 10: Vurdere ny organisering**

Innmeldt sak til årsmøtet.

Forslag frå valnemnda:

Årsmøtet ber om at hovedstyret og undergruppene det komande året vurderer ei anna organisering t.d. å slå saman eller legge ned grupper eller redusere storleik på nokre av gruppestyra for å redusere det totale talet på tillitsvalde i organisasjonen.

Styret legg fram forslaget for vedtak på årsmøtet

#### **Vedtak:**

Årsmøtet ber om at hovedstyret og undergruppene det komande året vurderer ei anna organisering t.d. å slå saman eller legge ned grupper eller redusere storleik på nokre av gruppestyra for å redusere det totale talet på tillitsvalde i organisasjonen.

Styret legg fram forslaget for vedtak på årsmøtet

Vedtak var samrøystes

#### **Sak 11: Val**

Forslag frå valnemnda

##### Valldal IL - styret

Leiar:	2022	ingen forslag
Nestleiar Odd Lennart Vikene	2022-2023	attval – samrøystes vald
Styremedlem: Turid Engeseth Løvoll	2022-2023	ny – samrøystes vald
Styremedlem: Lars Petter Hauge	2021-2022	ikkje på val
Styremedlem: Monika Høydal Lingaas	2021-2022	ikkje på val

1. varamedlem: Børge Heggen Johansen 2022 ny - samrøystes vald
2. varamedlem: Liv Marit Indreeide 2022 ny – samrøystes vald

Kontrollutval:

	Marius Høihjelle	2021-2022	ikkje på val
	Anne Nygård	2022-2023	ny – samrøystes vald - leiar
Varamedlem:	Lars Tomas Bersås	2022-2023	ny – samrøystes vald

Valnemnd:

	Anders Rem	2021 -2023	ikkje på val
	Kåre Erstad	2020-2022	På val – tek ikkje attval
	Dagrun Vikesland	2022-2024	ikkje på val – leiar
	Oddbjørn Myklebust	2022-2024	ny samrøystes vald

Val av utsending til årsmøtet i Fjord Idrettsråd, 2 personar (1 dame – 1 herre):

Utsett

DiskSPORT-

Leiar	Richard Moen	2022	attval leiar diskSPORT styremedlem i Valldal IL samrøystes
Medlem	Richard Moen	2022-2023	attval – samrøystes vald
Medlem	Henrik Engeseth Andersen	2022-2023	attval - samrøystes vald
Medlem	Terese Jemtegård Moen	2021-2022	ikkje på val
Medlem	Bjarte Grønningsæter	2021-2022	ikkje på val
Medlem	Linda Lødøen	2021-2022	ikkje på val

Fotballgruppe -

Leiar	Remi Uri-Landsnes	2022	attval leiar fotball styremedlem Valldal IL
Medlem	Remi Uri-Landsnes	2021-2022	ikkje på val
Medlem	Frode Myren Døving	2022-2023	ny – samrøystes vald
Medlem	Peder Linge	2022-2023	ny – samrøystes vald
Medlem	Jacek Wilczura	2021-2022	ikkje på val
Medlem	Mari Lilleås Johansen	2021-2022	ikkje på val
1. varamedlem		2022	

Val av styret til fotballgruppa og styremedlem i Valldal IL vert utsett til 07.04

Samrøystes vedteke

Skigruppe-

Leiar	Jan Ole Fuglem	2022	attval leiar ski styremedlem Valldal IL samrøystes
Medlem	Jan Ole Fuglem	2022-2023	attval – samrøystes vald
Medlem	Ragnhild Bjørstad Vikene	2022-2023	ny – samrøystes vald
Medlem	Terje Nerhus	2022-2023	attval – samrøystes vald
Medlem	Anne Gry Myklebust Vestre	2021-2022	ikkje på val
Medlem	Geir Arne Myren	2021-2022	ikkje på val
1. varamedlem	Per Jomar Nerli	2022	attval – samrøystes vald
2. varamedlem	Hans Martin Gjedrem	2022	attval – samrøystes vald

### Friidrett/ trimsgruppe-

Leiar	Magne Eivind Glomnes 2022	attval leiar friidrett/trim	styremedlem Valldal IL samrøystes
Medlem	Magne Eivind Glomnes 2021-2022	ikkje på val	
Medlem	Jacek Wilczura 2022-2023	attval samrøystes vald	
Medlem	Vibeke Valdal Mueza 2021-2022	ikkje på val	
Medlem	Jürg Barthel 2021-2022	ny samrøystes vald	
Medlem	Øyvor Grue Berdal 2022-2023	ny samrøystes vald	
Medlem	Anne Merete Øybrekken 2022-2023	ny samrøystes vald	
1. varamedlem	Anne Mette Rem 2022	samrøystes vald	
2. varamedlem	Ivar Hoel 2022	samrøystes vald	

### **Sak 12: Fortsettande årsmøte**

Følgjande på saklista vart ikkje fullført, sak 11 Val

- leiar i Valldal IL
- fotballgruppe inkl styremedlem i Valldal IL
- utsending til årsmøte Fjord idrettsråd

Årsmøte må difor halde fram, jfr Valldal IL si lov § 15, fotnote 10.

### **Vedtak:**

Fortsettande årsmøte torsdag 07.04.22 kl 19.30 på klubbhuset

Følgjande saker skal behandlast

- val av leiar i Valldal IL for 2022
- val av fotballgruppe inkl styremedlem i Valldal IL
- val av to utsendingar til årsmøte i Fjord idrettsråd

Vedtak var samrøystes

31.03.22 Tuud Engeseth høvull  
Knut Hjelme